

**Uskedalen.no har gode lesartal og mykje godt stoff. Det er blitt ei side som har mange lesarar, og sida gjer sitt til at bygda vert profilert. All ros til dei som skriv og held liv i sida. Men kan det bli for mykje?**

Eg er sjølv dagleg lesar av uskedalen.no og føyer meg då inn i ei lang rekkje av lesarar som likar å følge med på kva asom skjer i bygda vår, og det er jammen meg mykje! Sida vart grunnlagt for å marknadsføre bygda vår, og det gjer ho: På godt og vondt. Og det er det med det negative som eg undrar meg litt over.

Det er no blitt eit stort arkiv med bileter som er blitt brukt i samband med sakene, og er blitt til stor verdi for bygda. Men treng ein festbileter frå Dønhaug, der personar kjem på trykk utan at dei veit noko før ein ser det på sida?

Det er sikkert mye nyttig informasjon som vert sendt til/frå kommunen, men må alt det som omhandlar Uskedalen repeterast på nettsida uskedalen.no? Og bør ein ikkje få det bekrefta frå personane det gjeld når ein skal gjenta saker som kan ha stor innverknad? Om ikkje av anna grunn enn å få luka vekk eventuelle feil?

Det er jo og eit spørsmål som bør reisast om ein skal leggja inn alt av lesarinnlegg, heilt ukritisk.

Eg stiller desse spørsmåla med grunnlag i at det har skjedd uheldige omformuleringar av saker, og med den påvirkningskrafta nettstaden uskedalen.no har.

Eg meiner at Uskedalen Utvikling igjen bør ta opp spørsmålet der intensjonen til nettstaden uskedalen.no vert drøfta, og håper på at eg ikkje er den einaste som meiner dette.

Legg for ordens skuld inn link til ['Vær varsom plakaten'](#) frå Norsk Presseforbund, dette til orientering.

[Magnhild Haugland](#)